

# DEN SISTE SOMMAREN



**Forteljar Anne Elisebeth Skogen har bokstavleg tala gått opp spora etter Rasmus Løland den siste sommaren han levde.**

Rasmus Løland budde i eige hus i Asker, som nærmeste nabo til Hulda og Arne Garborg dei siste leveåra sine. Store deler av livet sleit han med dårlig helse, og han døyde 46 år gammal av tuberkulose.

- Eg vart interessert i historia då eg las biografien om Rasmus Løland, som er skriven av ektemannen min, Ernst Berge Drange, fortel Anne Elisebeth Skogen. Her var ting ein ikkje var kommen heilt til botn i, og eg starta mine eigne undersøkingar. Eg fekk

kontakt med personar som viste meg kvar tuberkuloseheimen i Groruddalen låg, og eg har gått på stiane der Løland vandra den tida han var pasient der. Dagbøkene til Hulda og Arne Garborg, Løland sine eigne dagboksnotat og diverse arkivmateriale gjorde historia komplett.

– På denne måten kom eg tett på Løland desse siste månadane av livet hans.

*Kva er det som gjer historia om ein mann som døydde for meir enn 100 år sidan so gripande?*

- I forteljinga vidareformidlar eg eigne opplevingar. Eg kjem tett på, har augekontakt og kommuniserar direkte med tilhøyrarane. Det er ingen forstyrrande mellomledd og forteljinga går frå hjarte til hjarte.

Løland døyde 12. oktober 1907 i Lølandstova i Asker. Hulda Garborg, hans næreste ven og fortrulege var i Trondheim på målmarknad. Løland spurde kvar dag etter fru Garborg, som på si side helst ville vore heime og sett til den sjuke naboen og venen sin. Ho skreiv eit brev til han frå Trondheim, der ho bad han telegrafera dersom han tykte det ville vore hygge eller hjelp i at ho kom heim. Dette brevet nådde Labråten dagen etter at Løland døyde.

Då Hulda mottok dødsbodskapen skreiv ho: "En ensom själ var han og grundig snytt for livet på al vis. Godt at han nu har fåt hvile. Men rart og vemodig er det for os."

Kjelde: Rasmus Løland, Barnebokpioneren frå Ryfylke av Ernst Berge Drange.

BENTE KJOS-WENJUM  
Foto: ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND